

Styremøte i Eidfjord 06.12.2014

Til stades: Torgils Eide, Per Helge Sekse, Anve Myklatun, Odd Gunnar Vikan, Johan Vaa.

1. Søknad frå Kit og Stein Flaata, Uvdal om dekking av utgifter - heilt eller delvis - i samband med møte med ein stortingsrepresentant i Oslo, og ein annan heime på garden. Totale utgifter om lag kr 4 000,-. Tema på desse møta var absoutt relevante for HG.

Styret meiner at dersom det i slike høve skal gjevast refusjon for utgifter, bør det vera klarert med Styret i forkant. I det konkrete tilfellet finn ein likevel å kunna yte helvta, kr 2 000,-.

2. Eventuell ny fovaltingsmodell for verneområda på Hardangervidda.

Odd Gunnar Vikikan viste til drøftingane rundt dette, og meinte det ikkje var nokon god arbeidsmåte at leiaren drøfta dette med dei einskilde styremedlemene, i staden for ei drøfting i samla styre. Leiaren svarta at dersom det var tale om å taka stilling til eit konkret framlegg, måtte ein sjølvsgagt gjera det på sistnemnde måte. No var det tale om ei meir presis kartlegging av synsmåtar som i hovusdak var kjende frå før, og få dei ned på papiret (notat dagsett 14.10.2014).

3. Restansar - medlemspengar. Det var ei stutt drøfting kring dette.

Referat: JV